



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen

Informasjonstenesta

5020 Bergen
Telefon 55 23 99 45
Telefaks 55 23 99 49

Pressemedling

Bergen 23. april 2009

Til media

Innfører garanti på Haukeliekspressen

Frå 1. mai garanterer Skyss at alle som skal reise til og frå Haukeliekspressen med overgang på Seljestad skal komme fram til målet for reisa. Skyss innfører garanti om korrespondanse til og frå Haukeliekspressen.

- Vi er glade for at Skyss saman med Tide Reiser og Telemark Bilruter har kome fram til ei god og tenleg løysing for alle passasjerane på denne viktige ruta, seier fylkesordførar Torill Selsvold Nyborg i Hordaland.

Garantien som gjeld frå 1. mai inneber ei forpliktande korrespondanse mellom Skyss sitt lokaltilbod i Hordaland på strekninga Bergen–Odda/Seljestad og Haukeliekspressen Haugesund–Oslo. Det vert gjennomgåande billettering for fylkeskryssande reiser og pris etter Haukeliekspressen sitt takstregulativ. Billetter til fylkeskryssande reiser kan også kjøpast på nett (www.haukeliekspressen.no).

- Ei viktig forbetring er at korresponderande busser til Haukeliekspressen vil gå heile vegen til/frå Bergen-Seljestad. Dette betyr at bussbyte i Odda ikkje lenger vert naudsynt, seier Selsvold Nyborg.

Til redaksjonen:

Sjå vedlagde faktaark for detaljar. Foto av fylkesordførar Torill Selsvold Nyborg kan nyttast fritt, men med kreditering (Foto: Simon Sortland, Hordaland fylkeskommune).

Kontaktperson:

Fylkesordførar Torill Selsvold Nyborg – dir.) 55 23 90 11 / mob.) 915 22 733

Helsing
Simon Sortland
Informasjonsrådgjevar Hordaland fylkeskommune
55 23 99 45 / 456 35 278 simon.sortland@post.hfk.no